



## SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/03585-11  
Sakshandsamar Gunnhild Utkvitne

## PLANSTRATEGI 2020 - 2023

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023	15.10.2020	91/20

### Møtehandsaming

Framlegg frå Sveinung Klyve, MdG:

*Temaplan om naturmangfald: Det vert også utarbeidd ein pollineringsstrategi for heradet.*

*Klima og klimatilpassing, kommunedelplan: Det vert utarbeidd ein planstrategi for heradet sin bruk og handtering av plast.*

### Votering

Røysta over framlegg frå Sveinung Klyve, Mdg: Samråystes.

Røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak: Samråystes.

### Vedtak

Utkast til planstrategi for Voss herad 2020 - 2023 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. PBL § 10-1.

I temaplan om naturmangfald vert det også utarbeidd ein pollineringsstrategi for heradet.

I kommuneplan om klima og klimatilpassing vert det utarbeidd ein planstrategi for heradet sin bruk og handtering av plast.

---

### Møtehandsaming

Framlegg frå Sveinung Klyve, MdG:

*Temaplan om naturmangfald: Det vert også utarbeidd ein pollineringsstrategi for heradet.*

*Klima og klimatilpassing, kommunedelplan: Det vert utarbeidd ein planstrategi for heradet sin bruk og handtering av plast.*

### Votering

Røysta over framlegg frå Sveinung Klyve, Mdg: Samråystes.

Røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak: Samråystes.

### Vedtak

Utkast til planstrategi for Voss herad 2020 - 2023 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. PBL § 10-1.

I temaplan om naturmangfald vert det også utarbeidd ein pollineringsstrategi for heradet.

I kommuneplan om klima og klimatilpassing vert det utarbeidd ein planstrategi for heradet sin bruk og handtering av plast.

---

## **Saksframlegg**

Utkast til planstrategi for Voss herad 2020 - 2023 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. PBL § 10-1.

### **Vedlegg:**

Vedlegg1\_fråsegner

Vedlegg 2\_utkast planstrategi

### **Samandrag:**

Kommunane har plikt til å utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert, jf. PBL § 10-1 første ledd. Den kommunale planstrategien skal vera eit hjelpemiddel til å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden. Satsingsområda for perioden 2020-2023 vert «klima og klimatilpassing», «Vossingane» og «utanforskning».

### **Saksopplysningar:**

#### **Innleiing**

Kommunal planstrategi er eit lovbestemt arbeid etter plan- og bygningslova (PBL § 10-1). Kommunal planstrategi er ikkje ein plan og skal derfor ikkje vedta mål og strategiar, men vurdere planbehovet i valperioden basert på nye politikk- og utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon. Planane i planstrategien skal bidra til at måla frå kommuneplanen vert nådd.

I plan- og bygningslova, § 10-1. Kommunal planstrategi heiter det:

*«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsigting arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»*

*Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av communal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»*

Heradsstyret er ansvarleg for å vedta planstrategien. Formannskapet har fungert som styringsgruppe for arbeidet, og konkluderte den 20. august med at hovudutfordringane me skal retta planarbeidet vårt mot dei nærmaste fire åra er «klima og klimatilpassing», «Vossingane» og «utanforskning».

Arbeidet med å vurdera framtidig planbehov har vore koordinert av rådmannen og rådmannen si leiargruppe.

Utkast til planstrategi for Voss herad 2020 – 2023 ligg i vedlegg. Utkastet til planstrategi skal gjerast offentleg kjent i minst 30 dagar før ny politisk handsaming. Det vert lagt opp til at heradsstyret kan fatta endeleg vedtak om planstrategi i desember 2020.

### **Innkome uttalar til oppstart av arbeidet med communal planstrategi**

Innan fristen var det komme inn 5 uttalar/ fråsegner til oppstart av arbeidet med planstrategi:

	<b>Avsendar</b>	<b>Merknader knytt til</b>
<b>1</b>	Fylkesmannen i Vestland	<i>Heilskapleg ROS, naturmangfald</i>
<b>2</b>	Vestland fylkeskommune	<i>Kultur, idrett, friluftsliv, inkludering</i>
<b>3</b>	Direktoratet for mineralforvaltning	<i>Forvaltning av mineralressursar</i>
<b>4</b>	NVE	<i>Klima, samfunnstryggleik, overvatn</i>
<b>5</b>	Statens vegvesen	<i>Trafikksikringsplan, reguleringsplan Sundve</i>

Norsk friluftsliv har sendt inn innspele tidlegare («*Hurtigguide til lokalpolitikere ved rulling av planstrategi*»). Frå politisk hald er det dessutan allereie ytra ønske om at planarbeid knytt til strategisk næringsutvikling og LBHTQI problematikk vert prioritert.

### **1. Fylkesmannen i Vestland**

- Fylkesmannen syner til nasjonale føringer og forventningar til regional og kommunal planlegging. Saknar referanse til naturmangfaldslova og folkehelselova med forskrift.
- Fylkesmannen rår til å sikre utarbeiding av folkehelseoversikt og heilskapleg ROS-analyse. Og at heradet bør vurdere det eksisterande kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald, særleg i fjellområda og dei verna vassdraga.

### **2. Vestland fylkeskommune**

- VFK viser til Nasjonale forventningar til planlegging 2019 – 2023 som for første gong også forventar at kommunen inkluderer kulturfeltet i den kommunale planlegginga, dette gjeld kultur, frivillig og idrettsfeltet. Rettleiaren seier at det er forventa at «kommunane tek vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv.»
- Rettleiaren seier og at «*Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg.».*
- Dei to regionale kulturplanane har inkludering og frivilligheit som gjennomgåande tema. VFK forventar at inkludering og integrering vert eit tema i planstrategien.
- Voss herad ei viktig oppgåve med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleveling, bruk og gjenbruk (sirkulær økonomi).
- VFK oppmodar Voss herad å inkludere «plan for friluftslivets ferdsselsårer» i planstrategien.
- VFK tykkjer at kultur, idrett og inkludering er viktige sektorar for å nå måla innafor dei tre satsingane i Voss herad. VFK rår til at kommunen utarbeider ein kommunedelplan for kultur, ein for kulturminne og ein for idrett og friluftsliv som del av planstrategien i Voss herad. VFK oppmodar også Voss herad til å ta stilling til integrering og inkludering i arbeidet med planstrategi. Frivilligheit har ein viktig rolle her. Som eit herad med mange innvandrarar er det særskilt viktig å skape inkluderande og opne lokalsamfunn, med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv. Å nå målet om å få fleire innvandrarar i arbeid krev eit mykje tettare samarbeid mellom introduksjonsprogrammet, NAV, vaksenopplæring, dei vidaregåande skulane og næringsliv lokalt. Ein kommunedelplan eller strategi som fokuserer på å løyse desse utfordringane bør vere med som ein del av heradet sin planstrategi.
- Å utvikle kulturlivet, arrangement, idrett og friluftsområde og kulturminne som ressurs for næringsutvikling bør vere integrert i arbeidet med næringsutvikling.
- VFK oppmodar til samarbeid og dialog og bidreg med rettleiing på dei ulike fagfelta innan kultur, idrett og friluftsliv, kulturarv, bibliotek, inkludering og integrering, frivilligsektor etter nærmere avtale.

### **3. Direktoratet for mineralforvaltning**

DMF syner til nasjonale forventningar og oppmodar heradet til å ta ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar. DMF meiner at det bør gjerast ei vurdering av om kommunen har tilgang til naudsynte mineralske ressursar for realisering av planlagt utvikling og utbygging. Dette kan gjerast ved utarbeidning av temaplanar for mineralressursar, kor lokal forvalting av ressursane inngår.

#### 4. NVE

NVE syner mellom anna til Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning. I denne står det at: «*Kommunal og regional planstrategi skal omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringer og tidligere uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.*

Rundskriv H-5/18 «*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling Kapittel 2.6*» gjev rettleiing om korleis omsynet til samfunnstryggleik kan innarbeidast i den kommunale planstrategien. Omsynet til flaum må og sjåast i samanheng med lokal overvasshandsaming. Voss herad bør vurdere tronen for å utarbeide en overordna temaplan for overvatn, dersom dette ikkje allereie er gjort.

#### 5. Statens vegvesen

- Statens vegvesen oppmodar kommunen til å vurdere om det er behov for revidering av Trafikksikringsplanen.  
Heradet vert og oppmoda til å prioritere ein revisjon av reguleringsplan Barnehage på Sundve.

#### 6. Andre innspel

«*Sikring av neste generasjoners natur og helse – hurtigguide til lokalpolitikere ved rullering av planstrategi*» vart sendt ut til alle kommunane i landet sist vinter/vår. «Hurtigguiden» utarbeida av Norsk friluftsliv er på 26 sider, er fundert på FN sine berekraftsmål og listar opp 38 ulike tiltak som dei tenkjer bør vurderast av kommunane i samband med planstrategiarbeidet.

Innleiingsvis står det: «*I denne veilederen har vi spesielt fokusert på tiltak som i dag er de største truslene for våre barn og barnebarn. Tap av natur og artsmangfold er en like stor trussel mot menneskeheten som klimaendringer. Valgene vi tar i dag for natur, får langsiktige konsekvenser. Lokalpolitikerens utfordring er å balansere langsiktige og kortsigte behov. Hovedgrunnen til at selv Norge har tapt vesentlige mengder av natur og biologisk mangfold, er summen av alle de gangene vi bare skulle forsyne oss «litt» av naturen. Dagen og morgendagen krever helt andre politiske valg enn gårsdagen.*» [Norsk friluftsliv - hurtigguide](#)

## Rådmannen si vurdering:

### Generelle vurderingar:

Ved å reindyrka planstrategien som eit verktøy for politisk prioritering av planlegginga i perioden sikrar me at det er utfordringsbilete og ny politikk som er førande for planlegginga. Planstrategien skal bidra til ei tydlegare kopling mellom politikk, overordna utfordingar, nye nasjonale og regionale føringer, og kva dette avleiar av planbehov og prioritert planinnsats.

I prosessen med å utarbeida heradet sin planstrategi har me nytta pyramideframstillinga av FN sine berekraftsmål for prioritering av innsats og planbehov dei kommande fire åra. FN-måla er vidare kopla til hovudutfordingane heradet skal arbeida med i planperioden: klima og klimaomstilling, vossingane og utanforskap. Slik vil me kunna styra planressursane til planoppgåver som reflekterer reelle planbehov og oppgåver som har politisk prioritet.

Tidsplanen i framlegget til planstrategi er laga ut i frå kapasitet i organisasjonen og kritikalitet.

Det er kome gode og viktige innspel til arbeidet med Voss herad sin første planstrategi. Dei fleste innspela er varetatt i utkastet som føreligg og/ eller er i arbeid som allereie har starta opp.

### Korleis høyringsinnspele har vorte handtert:

#### 1. Fylkesmannen i Vestland

Alle merknader og innspel frå Fylkesmannen i Vestland er varetatt i planstrategien og/ eller i grunnlagsarbeidet som er gjort i samband med dette.

#### 2. Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune lyftar fram verdien kultur har som samfunnspremiss. I utkast til planstrategi er det lagt opp til at fleire planar som handlar om kultur (temaplan) og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (temaplan). Kommunedelplan om kulturminne er under utarbeiding og er planlagt vedtatt i 2021. Nyleg vedteken sti- og løypeplan vil vareta VFK sitt forslag om «*plan for friluftslivets ferdselsårer*». Heradet legg og opp til at det vert utarbeida eigen frivillighetspolitikk og eigen handlingsplan for pårørande arbeid i heradet. «*Utanforskap*» er eit av satsingsområda i kommande planperiode og tematikk knytt til mangfold og integrering er foreslått som eigen kommunedelplan.

#### 3. Direktoratet for Mineralforvaltning

Voss herad har oversikt over tilgjengelege aktive mineralressursar. Rådmannen vurderer det slik at det ikkje er behov for ytterlegare kartlegging eller anna planarbeid knytt til mineralforvatning i komande planperiode.

#### 4. NVE

Klima og klimatilpassing er løfta fram som eitt av tre satsingsområde i komande planperiode. Planarbeidet vil omfatta både kommunedelplan for klima og klimatilpassing, strategi for flaumsikring av Vossovassdraget og overordna klimabudsjett og -rekneskap. Problematikk knytt til overvatn vil verta del av temaplan «*hovudplan vatn*».

#### 5. Statens vegvesen

- Arbeidet med å revidere trafikksikringsplan er foreslått starta opp i 2021.
- Revisjon av reguleringsplan Barnehage på Sundve er igangsatt.

#### 6. Andre innspel - Norsk friluftsliv

Utkast til planstrategi er, som kommuneplanen, tufta på FN sine berekraftsmål. Klima, klimatilpassing – og naturmangfold inngår som eit av hovudsatsingsområda våre. Det er allereie gjort mykje for å leggja til rette for aktiv bruk av natur og friluftsområda våre og meir vil verta gjort i

kommande planperiode. For å styrka samarbeidet med dei frivillige i heradet vert det lagt opp til at me dei nærsteåra får på plass vår eigen frivillighetspolitikk og handlingsplan for pårørande

## **7. Politiske innspel**

Planarbeid med særskilt fokus på strategisk næringsutvikling (temaplan) og LBHTQI (Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald) er teke med som konkrete forslag i utkast til planstrategi.

## **Konklusjon**

### Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte. Økonomiske konsekvensar knytt til prioriterte satsingar i planstrategien vert konkretisert i framtidige økonomiplanar og budsjett.

### Miljø og klimakonsekvensar:

Ingen direkte konsekvensar, men planarbeid knytt til klima og klimatilpassing vert prioritert i komande planperiode. Dette skal bidra til positive miljø- og klimaeffektar, og at mål vert nådd på tidlegast mogelege tidspunkt.

### Folkehelsekonsekvensar:

Ingen direkte konsekvensar. Men, i utkast til planstrategi ligg fleire forslag til planarbeid som vil betra folkehelsa når tilhøyrande handlingsplanar og tiltak skal setjast i verk.

### Konklusjon

Planstrategi 2020 – 2023 vil verta eit nyttig politisk og administrativt verktøy i planarbeidet vårt dei nærmaste åra. Arbeidet med å realisera planstrategien vil heile vegen vektleggja samarbeid og samspele på tvers - internt i organisasjonen, mellom kommunen og innbyggjarane våre, og med andre kommunar, regionsnivå og relevante universitetsmiljø.

Rådmannen rår til at utkast til planstrategi vert lagt ut til offentleg ettersyn.